



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

VURDERINGSRAPPORT

Modnen BARNEHAGE



Modnen barnehage, Eidfjord kommune
Styrar: Torunn Pedersen Polden
53 67 36 10
torunn.polden@eidfjord.kommune.no

Dato for vurderinga 23.–26.februar 2009

Modnen barnehage
23.-26. februar 2009



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdere dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderarane skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



2 – Fakta om barnehagen

Modnen barnehage er ein kommunal barnehage med 5 avdelingar fordelt i 2 barnehagebygg. Barnehagen tek i mot barn i frå 6 månader til 6 år. Modnen barnehage har 3 avdelingar, og Hereid har to. Totalt har Modnen barnehage 90 plasseiningar fordelt på dei 5 avdelingane.

Begge barnehagebygga ligg sentralt til i bygda, med berre 5 minutters gangavstand frå sentrum og kvarandre. Dei har lett tilgang til turområde og aktivitetar utanom barnehagen. Barnehagen ligg vegg i vegg med skulen.

3 – Vurderingstema

Modnen barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

Personalleiing med kompetanseheving

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for omgrepet: Tidlegare var det vanleg å samla på glansbilde.

Englar med glitter på vengene, var dei spesielt vakre. Ingen veit eksakt korleis englar ser ut, men ein kunne vel ynskja at dei såg ut som på gamle glansbilde!



Glansbilde for Modnen barnehage

Tema: *Personalleiing med kompetanseheving*

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen har ei tydeleg leiing	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Styrar set i verk og leier pedagogisk planlegging ❖ Styrar set i verk og leier dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet ❖ Styrar set i verk og leier vurdering av det pedagogiske arbeidet ❖ Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen ❖ Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i pedagogisk planlegging for si gruppe og for heile barnehagen ❖ Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet i si gruppe og i heile barnehagen ❖ Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i vurdering av det pedagogiske arbeidet i si gruppe og i heile barnehagen ❖ Leiarane er ansvarlege for prioriteringar og vedtak, og fylgjer dei opp ❖ Leiarane har rutinar for informasjonsflyt i organisasjonen
Barnehagen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Personalet er godt kjende med Rammeplan for barnehagen ❖ Det er uttrykt felles mål for barnehagen ❖ Det er sett av tid for personalet til å reflektera og drøfta barnehagen sitt læringssyn ❖ Det er sett av tid slik at personalet saman kan reflektera og drøfta praksis i barnehagen ❖ Personalet drøftar barnehagen si rolle i samfunnet, både lokalt og nasjonalt ❖ Leiarane gir fagleg støtte til personalet ❖ Ny kunnskap og innsikt viser att i planar og praksis
Borna opplever eit kompetent personale i eit godt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Borna vert møtte med felles haldningar frå personalet ❖ Born som treng ekstra oppfølging vert kartlagde tidleg og tiltak sette i verk ❖ Borna opplever at det er rutiner for medråderett ❖ Borna sine synspunkt på den daglege verksemda i barnehagen vert vektlagde ❖ Borna sine synspunkt viser att i planar og aktivitetar ❖ Personalet nyttar daglege gjeremål til å gje borna utfordringar og skapa læringssituasjonar
Foreldra vert involvert i planlegging og vurdering av det pedagogiske arbeidet	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Foreldra meiner at personalet har god kompetanse i arbeidet, og at dei utviklar denne ❖ Foreldra gjev tilbakemelding i brukarundersøkingar ❖ Spørsmål om innhald og prioriteringar vert drøfta i foreldreråd og samarbeidsutval ❖ Innspel og synspunkt frå foreldre vert tekne på alvor og viser att i planar og prioriteringar ❖ Foreldra meiner at borna sine initiativ vert ivaretekne
Personalet får nytta og utvikla sin pedagogiske kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Personalet meiner at dei får bruka kompetansen sin ❖ Personalet set ord på og deler gode arbeidsmåtar med kvarandre ❖ Det er kartlagt kompetansebehov ❖ Det er planar for kompetanseutvikling ❖ Kompetanseplanar er i tråd med satsingsområda i barnehagen ❖ Kompetanseheving føregår også utanfor barnehagen ❖ Personalet får utteljing for kurs, etterutdanning og vidareutdanning



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Personalet, borna og foreldra i Modnen barnehage i februar 2009
- Eksterne: Solgunn Wiik Bjørke, Eli Pernille Horvik og Margunn Torget Østrem

Grunngjeving for val av informantar:

Det valde vurderingsområdet vedkjem både personalet, borna og dei føresette i barnehagen. Difor er det viktig å involvera alle desse i vurderingsarbeidet.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere kvar barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane kontakta barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

I forkant og undervegs førebudde vurderarane informasjon, metodar, verktøy og dreiv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Under sjølve vurderinga var vurderarane i barnehagen i 3 dagar. Styrar vart oppdatert om arbeidet heile vegen. Barnehagen fekk rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane.



TIDSPLAN for vurdering av **Modnen barnehage, Eidfjord kommune**

Tid	Aktivitet	Ansvar
23.jan	- Område for vurdering valt	Styrar
23.jan	- Arbeid med glansbilete	Vurderarane
30.jan	- Utkast til glansbilete sendt	Vurderarane
2.feb	- Møte i Eidfjord: Glansbilete, tidsplan, brev til foreldre og formøte (utval av informantar)	Vurderarane og styrar
3.feb	- Personalmøte i Modnen, godkjenning av glansbilete	Styrar
	- Retur av glansbilete til vurderarane	Styrar
9.feb	- Arbeidsdag:, intervjuguide til foreldre/personale/born - Observasjonsskjema	Vurderarane
18.feb	- Retur av påstandsskjema	Styrar
22.feb	- Avreise frå Voss 17.30, ankomst Eidfjord 19.00 - Sjå over påstandsskjema frå personalet - Førebu morgondagen: Oppgåve- og rollefordeling	
Vurderingsveke: veke 9		
Måndag 23.feb	- 8.30 Briefing med styrar - 9.00 Presentasjon av vurderarane og arbeidsmåtane for personalet - Observasjon fram til 11.00 - Matpause - 12.00 – 14.00 Barneintervju i grupper (2 gr. a 4-5 born) - 14.00-14.30 Rapport til styrar - Tillaging til foreldremøte - Foreldremøte om kvelden 19.30-21.00	
Tysdag 24.feb	- 8.30 Observasjon på avdelingane - 10.00 Delta på møte i Hereid - Matpause - 12.30-13.30 og 14.00-15.00 Intervju med personalet (gr.: ped.leiar, fagarb/ass) - Rapport til styrar	
Onsdag 25.feb.	- 8.45-9.45 Intervju av styrar - 10.00-11.30 Delta på møte (avd.leiar) - Matpause - 12.30-14 Delta på møte (avd.møte) - Rapport til styrar - Etterarbeid og rapport	
Torsdag 26.feb.	- Rappportskriving - 15.00-16.00 Møte med styrar. Gje rapport til henne - 16.45-17.45 Personalmøte med barnehageeigar til stades. Gje rapport med vedlegg	
	- <i>Styrar rapporterer attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine.</i> - <i>Orienterer det politiske fagutvalet</i>	Barnehagestyrar Barnehageeigar



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, henta vurderarane inn data frå fleire kjelder (kjeldetriangulering). Vurderarane plukka ut informantane, og ønskte å møte og intervju 5-åringar og eventuelt 4-åringar, ha møte med føresette og intervju eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar/fagarbeidarar og styrar. Me observerte også blant barn og tilsette i barnehagen, og i to avdelingsmøte og møte med ped.leiarar og styrar.

For å styrka kvaliteten på dei data me fann, nytta me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tok vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale, påstandsskjema og dokumentanalyse.

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Dette var årsplan, verksemdsplan, månadsplanar, vekeplan og ståstadanalysen. Kompetanseplan vart utdelt under vurderinga.

Kriterium og teikn på god praksis ("Glansbilete")

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Utgangspunktet finn ein i Rammeplan for barnehagen - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse med små endringar.

Påstandsskjema

Før barnehagebesøket sende vurderarane ut påstandsskjema til personalet i vurderinga. Desse vart fylt ut av assistentar/fagarbeidarar og pedagogar, og deretter returnert til vurderarane for oppsummering.

Samtaleguidar/intervju

For å fanga lik tematikk, hadde vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, assistentar/fagarbeidarar, pedagogar og styrar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldre for heile barnehagen.

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no-situasjon og for vidare arbeid.



Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne på alle avdelingane, på to avdelingsmøte og på møte med styrar og ped.leiarar.

8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Barnehagen har ei tydeleg leiing

Styrar har involvert personalet i utforming av verksemdsplanen og årsplanane. Personalet har fokus på behov for pedagogisk utviklingsarbeid. Dei pedagogiske leiarane ivaretek pedagogisk arbeid på sine avdelingar og i nokon grad for heile barnehagen. Det føregår dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet på ulike område og ulike måtar. Styrar er aktiv i tilrettelegging for dette arbeidet. Arbeidet for betre informasjonsflyt er i gang.

Dette kjem fram gjennom intervju med personalet og styrar, og observasjon på avdelingane.

Barnehagen er ein lærande organisasjon

Personalet er godt kjende med satsingsområda, og har god fokus i arbeidet med desse. På møta i personalet er dei aktive i drøfting av eigen praksis. Styrar gir fagleg støtte, særleg i arbeid med enkeltborn.

Dette kjem fram gjennom intervju og ved møte med personalet.

Borna opplever eit kompetent personale i eit godt læringsmiljø

Borna vert møtte med felles haldningar hjå personalet. Det er eit kompetent personale som har gode rutiner for tidleg å fanga opp born som treng særleg oppfølging. Personalet arbeider godt med å gje borna utfordringar og skapa læringssituasjonar i kvardagen. I årsplanen er det beskreve gode rutiner for borna sin medverknad.

Dette fant me ut ved hjelp av intervju av barna, observasjonar av samspel mellom barn og personale, og dokumentanalyse. Foreldra understøtta det også i foreldremøtet.

Foreldra vert involvert i planlegging og vurdering av det pedagogiske arbeidet

Foreldra opplever at deira innspel vert tekne på alvor. Dei er nøgde med gode fellesarrangement og verdset personalet sitt store engasjement for oppgradering av uteområdet. Dei tykkjer personalet er blide, trygge, hyggelege og imøtekomande. Særleg Hereid får ros for månadsplanane og månadsbrev.

Dette uttalte foreldre i foreldremøtet.

Personalet får nytta og utvikla sin pedagogiske kompetanse

Personalet har breid kompetanse. Dei set ord på og deler gode arbeidsmåtar med kvarandre. Styrar kartlegg kompetanse gjennom medarbeidersamtalane, og har laga plan for kompetanseutvikling. Personalet får uttelling i form av løn for vidare- og etterutdanning.

Dette kjem fram gjennom tilgjengelige dokument, og i intervju med styrar og personale.



9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Barnehagen har ei tydeleg leiing

Styrar må gradvis lyfta opp og visa tydlegare sitt fokus på pedagogisk planlegging. Det må utvikast malar og system for pedagogisk dokumentasjon. Vurderinga av det pedagogiske arbeidet synest nesten fråverande. Det må vera system og rutinar for dette. (Rammeplanen s.50) Brukarundersøking og medarbeidarundersøking bør koma på plass. Dei pedagogiske leiarane må arbeida med å utvikla heilskapsforståing for verksemda (Rammeplanen s.47). Vedtak må konkretiserast, skriftleggjerast med tidsfesting og ansvarleggjering. Styrar kan bruka styringsretten sin i større grad for å sortera i kva saker som skal diskuterast i kva fora. Alle møtedeltakarar må kjenna sakslista før møta- Dagleg informasjonsflyt mellom Hereid og Modnen må etablerast straks.

Dette er kome fram i intervju med personale, gjennom dokukumentanalyse og gjennom observasjonar på avdelingane og i møta. Foreldra understøtta også dette i foreldremøtet.

Barnehagen er ein lærande organisasjon

Barnehagen må ta tak i, kursast og arbeida systematisk med Rammeplanen. Verksemdsplan og årsplanen må brukast som eit aktivt styringsdokument for verksemda. Leiarane må gjera alle tilsette til aktive deltakarar i dei ulike møtefora (Rammeplanen s.47).

Dette kom fram gjennom dokumentanalyse, intervju og møteobservasjonar.

Borna opplever eit kompetent personale i eit godt læringsmiljø

Personalet må bevisstgjera omkring begrepet medverknad. Ta tak i det som står i verksemdsplanen s.8, mål for Modnenen barnehage, pkt 3, og det som står i årsplanen, og gje rom for at dette skjer. Det må også visa att i planar og aktivitetar.

Dette kom fram gjennom observasjon på avdelingane, gjennom barneintervju, intervju med personale og dokumentanalyse.

Foreldra vert involvert i planlegging og vurdering av det pedagogiske arbeidet

Eigar/styrar må ta tak og innføra brukarundersøking i barnehagen. Viktige pedagogiske tema må opp på foreldremøte på ein engasjerande måte (Rammeplane s.14).

Dette kom fram i møte med foreldre og i intervju med personale.

Personalet får nytta og utvikla sin pedagogiske kompetanse

Personalet sin kompetanse bør brukast aktivt på personalmøte, planleggingsdagar og kurs til intern opplæring. Kommunal plan for kompetanseutvikling må gjerast kjent for personalet, vurderast og rullerast årleg.

Dette fann me gjennom intervju med personale og dokumentanalyse

Konklusjon

Barnehagen har ei stor personalgruppe med brei og god kompetanse. Dei har godt fokus på borna i kvardagen.

Dei treng å få på plass strukturar og gode rutinar i personalarbeid og pedagogisk arbeid. Dei må arbeide for å styrkje heiltheitstenkjinga både i organisasjonen og i det faglige arbeidet.



10 – Vidare arbeid

6 månader etter at barnehagevurderinga fann stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg i kommunen korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Eidfjord, 27.02.2009

Solgunn Wiik Bjørke,
Eli Pernille Horvik
Margunn Torget Østrem



Vedlegg 1

Dette sa barna

Kriterium:

Borna opplever eit kompetent personale i eit godt læringsmiljø

Teikn på god praksis:

Borna vert møtte med felles haldningar frå personalet	<i>Kjenner du nokon reglar i barnehagen? Kva seier dei vaksne då? Seier alle dei vaksne likt? Evt. Kva gjer dei forskjellig?</i>
Borna opplever at det er rutiner for medråderett	<i>Kva får de bestemta i barnehagen? Kva får de <u>ikkje</u> bestemta? Korleis veit de når de kan bestemta?</i>
Borna sine synspunkt på den daglege verksemda i barnehagen vert vektlagde	<i>Høyrrer dei vaksne på deg når du seier noko? Spør dei vaksne dykk om korleis de hadde det når de gjorde noko? Viss de gjekk på tur, spør dei dykk etterpå korleis turen var?</i>
Borna sine synspunkt viser att i planar og aktivitetar	<i>Får de vera med å bestemta eller finna på noko de skal gjera i barnehagen? For eksempel når de skal på tur, ha solfest, vera i gymsalen, laga mat, samlingsstund...</i>
Personalet nyttar daglege gjeremål til å gje borna utfordringar og skapa læringssituasjonar	<i>Lærer de noko når de er i barnehagen Kva lærer de? Korleis lærer de? Kven lærer de det av?</i>



Vedlegg 2

Dette sa foreldra

Kriterium:

Foreldra vert involvert i planlegging og vurdering av det pedagogiske arbeidet

Teikn på god praksis:

<i>Foreldra meiner at personalet har god kompetanse i arbeidet, og at dei utviklar denne.</i> Korleis merkar de dette?	
<i>Barnehagen har eit system for innhenting av tilbakemelding frå foreldra</i>	
<i>Spørsmål om innhald og prioriteringar vert drøfta i foreldreråd og samarbeidsutval</i>	
<i>Innspel og synspunkt frå foreldre vert tekne på alvor og viser att i planar og prioriteringar</i>	
<i>Foreldra meiner at borna sine initiativ vert ivaretekne</i>	
<i>Barnehagen har ei tydelig leiing</i>	
Set opp punkt som de meiner barnehagen er flink til	
Set opp punkt som de meiner barnehagen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	



Vedlegg 3

Påstandsskjema for personalet ved Modnen barnehage

Dersom du er heilt einig i påstanden, kryssar du under 4. Dersom du er heilt ueinig i påstanden, kryssar du under 0. Set berre eitt kryss ved kvar påstand

	Påstand	4	3	2	1	0	Veit ikkje
1	Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen						
2	Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i pedagogisk planlegging for si gruppe og for heile barnehagen						
3	Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet i si gruppe og for heile barnehagen						
4	Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i vurdering av det pedagogiske arbeidet i si gruppe og i heile barnehagen						
5	Leiarane er ansvarlege for prioriteringar og vedtak, og følgjer dei opp						
6	Leiarane har rutinar for informasjonsflyt i organisasjonen						
7	Det har vore arbeidd systematisk med opplæring av personalet i Rammeplanen						
8	Det er sett av tid for personalet til å reflektera og drøfta barnehagen sitt læringssyn og praksis						
9	Leiarane gir fagleg støtte til personalet						
10	Personalet drøftar barnehagen si rolle i samfunnet, både lokalt og nasjonalt						
11	Ny kunnskap og innsikt viser att i planar og praksis						
12	Born som treng ekstra oppfølging vert kartlagde tidleg og tiltak sette i verk						
13	Borna sine synspunkt på den daglege verksemda i barnehagen vert vektlagde						
14	Personalet nyttar daglege gjeremål til å gje borna utfordringar og skapa læringssituasjonar						
15	Innspeil og synspunkt frå foreldre vert tekne på alvor og viser att i planar og prioriteringar						
16	Personalet meiner at dei får bruka kompetansen sin						
17	Personalet set ord på og deler gode arbeidsmåtar med kvarandre						
18	Kompetanseheving føregår også utanfor barnehagen						
19	Personalet får uttøling for kurs, etterutdanning og vidareutdanning						
20	Kompetanseplanar er i tråd med satsingsområda i barnehagen						



Vedlegg 4

Dette sa dei tilsette

Kriterium:

Barnehagen har ei tydeleg leiing

Teikn på god praksis:

<i>Styrar set i verk og leier dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet Korleis?</i>
<i>Styrar set i verk og leier vurdering av det pedagogiske arbeidet. Korleis?</i>
<i>Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen Korleis?</i>
<i>Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i pedagogisk planlegging for si gruppe og for heile barnehagen Korleis?</i>
<i>Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet i si gruppe og i heile barnehagen Korleis?</i>
<i>Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i vurdering av det pedagogiske arbeidet i si gruppe og i heile barnehagen Korleis?</i>
<i>Leiarane er ansvarlege for prioriteringar og vedtak, og fylgjer dei opp. Korleis?</i>
<i>Leiarane har rutinar for informasjonsflyt i organisasjonen. Korleis?</i>

Kriterium:

Barnehagen er ein lærande organisasjon

Teikn på god praksis:

<i>Personalet er godt kjende med Rammeplan for barnehagen.</i> <ul style="list-style-type: none">• Korleis har de jobba med implementeringa?
<i>Det er uttrykt felles mål for barnehagen.</i> <p>Kor kjende er de med dei?</p>
<i>Det er sett av tid for personalet til å reflektera og drøfta barnehagen sitt læringssyn</i> <ul style="list-style-type: none">• Når, korleis og i kva fora?
<i>Det er sett av tid slik at personalet saman kan reflektera og drøfta praksis i barnehagen</i> <ul style="list-style-type: none">• Når, korleis og i kva fora?
<i>Personalet drøftar barnehagen si rolle i samfunnet, både lokalt og nasjonalt</i> <ul style="list-style-type: none">• Når, korleis og i kva fora?



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

Leiarane gir fagleg støtte til personalet

- Korleis opplever de dette?

Ny kunnskap og innsikt viser att i planar og praksis

- Korleis?

Kriterium:

Borna opplever eit kompetent personale i eit godt læringsmiljø

Teikn på god praksis:

Born som treng ekstra oppfølging vert kartlagde tidleg og tiltak sette i verk

- Korleis?

Borna opplever at det er rutiner for medråderett?

- Kva rutiner har de?

Borna sine synspunkt på den daglege verksemda i barnehagen vert vektlagde og viser att i planar og aktivitetar

- Korleis?

Personalet nyttar daglege gjeremål til å gje borna utfordringar og skapa læringssituasjonar

- Korleis gjer de dette?

Kriterium:

Foreldra vert involvert i planlegging og vurdering av det pedagogiske arbeidet

Teikn på god praksis:

Foreldra gjev tilbakemelding i brukarundersøkingar

- I kva grad, og korleis?

Spørsmål om innhald og prioriteringar vert drøfta i foreldreråd og samarbeidsutval

- Korleis og når?

Innspel og synspunkt frå foreldre vert tekne på alvor og viser att i planar og prioriteringar

- Korleis skjer dette?

Kriterium:

Personalet får nytta og utvikla sin pedagogiske kompetanse

Teikn på god praksis:

Personalet meiner at dei får bruka kompetansen sin

Personalet set ord på og deler gode arbeidsmåtar med kvarandre

- Korleis og når

Det er kartlagt kompetansebehov



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

Det er planar for kompetanseutvikling

Kompetanseplanar er i tråd med satsingsområda i barnehagen

Kompetanseheving føregår også utanfor barnehagen

Personalet får utteljing for kurs, etterutdanning og vidareutdanning

- **Korleis?**



Vedlegg 5

Observasjonspunkt

Personalleiing med kompetanseheving

Teikn	situasjon å observera i
Borna sine synspunkt viser att i planar og aktivitetar	Planar, samspel, samtalar, i møte
Observert:	
Borna vert møtte med felles haldningar frå personalet	Samspel, tema i møte, samtalar
Observert:	
Personalet nyttar daglege gjere mål til å gje borna utfordringar og skapa læringssituasjonar	Samspel, tema i møte, samtalar, leik, aktivitet
Observert:	
Det er rutiner for medverknad for borna	Nedskreve, lister, observerast, etter tur,
Observert:	
Leiarane har rutinar for informasjonsflyt i organisasjonen	Intervju, oppslag, tavler, møte
Observert:	
Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i pedagogisk planlegging for si gruppe og for heile barnehagen	møte
Observert:	
Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet i si gruppe og i heile barnehagen	møte
Observert:	
Dei pedagogiske leiarane er medvitne og aktive i vurdering av det pedagogiske	møte



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

arbeidet i si gruppe og i heile barnehagen	
Observert:	
Det er sett av tid for personalet til å reflektera og drøfta barnehagen sitt læringssyn	møte
Observert:	